



Ole Bendik Vikebø
Rosslandsvegen 1519
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9099 - 21/84682

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
14.12.2021

Ber om tilbakemelding på avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr 354/13 Vikebø

Tiltak: Utbetring slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 345/13 Rosslandsvegen 1519
Tiltakshavar: Ole Bendik Vikebø

Alver kommune har den 27.10.21 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den **03.09.21** vart registrert manglande dykk på utløpet, høgt nivå samt framandelement i septiktanken på eigedommen din, med adresse Rosslandsvegen 1519.

Dykk på utløpet er lovpålagt. Dette for å hindre slam i å gå i filtergrøft og grunnen.

Høgt nivå tyder på at tanken din ikkje fungerer som tiltenkt og kan medføre at slam frå tanken sig utover og forureiner grunnen. Tett utløp kan medføre høgt nivå i tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Det må ikkje ligge framandelement i septiktanken, det kan føre til at den ikkje lar seg tømme ved ordinær tømmerute. Q-tips, våtserviettar, filler, bind etc. skal ikkje kastast i toalettet. Det er kun toalettpapir som skal spylast ned i toalettet samen med urin og avføring. Framandelement i tanken kan også føre til blokkering av røyr og kan gje tilbakeslag av kloakk til bustaden din.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 15.02.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg/dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit **godkjent rørleggarforetak**. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tiltaket er utbetra, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Bendik Vikebø

Rosslandsvegen 1519

5917

ROSSLAND